

Olav H. Hauge-stiftinga
v/ Randi Skeie, styreleiar
Kastrudvn 549
2625 Fåberg

10.oktober 2014

**Til Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen**

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL OLAV H. HAUGE-STIFTINGA 2014.

Styret i Olav H. Hauge-stiftinga (OHH) vil takke for tilskotet på kr 7.000 for 2013 (frå kultur- og ressursutvalet desember 2013). Tilskotet er, ved sida av same tilskotssum frå Ulvik herad, stiftinga sin einaste inntektspost og er nytta til å dekke faste driftsutgifter. Dette er utgifter til rekneskap og revisjon, forsikring av boksamlinga, diverse avgifter, utgifter til styremøte m.m.

Etter at Olav H. Hauge-senteret vart konsolidert med Nynorsk kultursentrum (NK), gjekk stiftinga sine økonomiske ressursar inn i det konsoliderte senteret. Stiftingskapitalen står att, men den kan ikkje rørast. Det er viktig at stiftinga gjennom stiftarane Ulvik herad og Hordaland fylkeskommune, får driftsmidlar til å halde oppe aktiviteten framover. NK og OHH er to sjølvstendige einingar og det er difor heilt uaktuelt at NK yter OHH driftsstøtte. Vi viser elles til årsmelding og rekneskap for 2013.

Vi søker om same tilskotssum for 2014: kr 7.000.

Før konsolideringa fekk OHH eit årleg tilskot på kr. 100.000 frå fylkeskommunen. Når NK no utviklar og driv Hauge-senteret, er arbeidoppgåvene og utgiftene våre endra monaleg. Som part i samarbeidsavtalen, eigar av boksamlinga etter Hauge og den som skal overta senteret ved ei ev. oppseiing, krevst det likevel ein viss

aktivitet. Vi vonar på positiv handsaming av søknaden, og bed om at tilskotet blir sett på stiftinga sin bankkonto: 3450 38 14953. Tilskotet vil gå til å dekke dei faste driftsutgiftene; utgifter til rekneskap/revisjon, diverse årlege avgifter, utgifter knytta til 2 årlege styremøte og reforhandling/oppfølging av samarbeidsavtalen OHH-NK.

Med helsing Randi Skeie - styreleiar